

Kurstilbod Hausten 2009



Fylkesbiblioteket



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Fredag 11. september

Teikneseriar i tida – dei nye teikneseriane

På kurset lærer du om historiske hovudliner, forteljarmåtar og verkemiddel. Dei to kurshaldarane vil snakka om aktuelle seriar for ungdom og vaksne, med fokus på teikneserieromanar. Og dei gir tips om å velja og formidla teikneseriar. I tillegg fortel ein teikneserieskapar om arbeidet sitt, og *Frode Haaland* vil snakka om Raptus internasjonale teikneseriefestival, som opnar same dag på Hotell Terminus i Bergen.

Kurshaldarar:

Morten Harper skriv fast om seriar for Dagens Næringsliv og Le Monde Diplomatique. Han har også skrive fleire fagbøker om emnet.

Øyvind Skretteberg er bibliotekar, teikneserieentusiast og arbeider på bokbussen i Vestfold.

Stad: møterom Sunnhordland, 4.etasje i fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt 5, Bergen.

Tid: kl 10-15

Påmelding frå www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs
Frist: måndag 7.september.

Pris: Kr 500 for kurset og lunsj med rundstykke.

Arrangørar: Hordaland fylkesbibliotek og Norsk bibliotekforening avd. Hordaland

24. – 25. september. Bibliotekdagane i Førde

Islandsk litteratur, vampyrar, trolldomsprosessar og kvalitetsvurdering av litteratur er nokre tema som du kan høyra om.

Stad: Sunnfjord hotell, Førde.

Tid: frå kl 13 den 24.9. til kl. 13.30 den 25.9.

Program og påmeldingsinformasjon på nettsida til Sogn og Fjordane fylkesbibliotek: <http://fylkesbiblioteket.sfj.no/>

Denne helga er det krimdagane i Førde, og mogleg å delta på litterære arrangement. **Arrangør:** Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Onsdag 30. september **Fagdag for skolebibliotekarer i vgs**

Vi vil presentere Encyclopædia Britannica Online School Version, då vi meiner dette netteleksikonet er særskilt eigna for norsk vidaregåande skole.

Vi vil også presentere ei standardløsning for skolebiblioteket sitt område på skolen sine nettsider, som er utarbeidd av ei prosjektgruppe.

Vårt tredje tema blir litteraturformidling, og vi ønskjer å presentere fleire ulike foredrag om dette. Vi arbeider med foredrag om tema som utstillingar, bokprat, Opening the Book og Ønskebok.no

Tid: kl. 09.30 – 16.00

Stad, påmelding & frist: www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs

Målgruppe: Bibliotekarer i vgs, engelsklærere

Arrangør: Hordaland fylkesbibliotek



Tysdag 6. oktober **Ikkje bare skjønt!** **Innkjøp av fagprosa og tidsskrift**

Norsk kulturråd vil gje oss bakgrunnen for desse to innkjøpsordningane, og ABM-utvikling vil snakka om måtar å formidla tidsskrift og fagbøker på. Marta Norheim vil fortelja om arbeidet med boka "Røff guide til samtidslitteraturen". Det blir også tid til å snakka om innkjøp av faglitteratur til folkebibliotek.

Stad: Møterom Sunnhordland, 4.etasje i fylkeshuset, Agnes Mo-winckelsgt 5, Bergen.

Tid: kl 10-15

Påmelding: www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs

Frist: torsdag 1.oktober.

Pris: kr 100 for lunsj.

Arrangørar: ABM-utvikling, Norsk kulturråd, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Norsk Tidsskriftforening, Hordaland fylkesbibliotek

Onsdag 21. oktober. **Ut med poesien!**

Poesi med eller utan brukarretteiing, korleis formidlar me han?

Stad: Bergen Offentlige Bibliotek, Gamle musikkavdeling.

Tid: kl 16-18

Arrangørar: Norsk Bibliotekforening avd. Hordaland, Bergen Offentlige Bibliotek, Norsk forfattersentrum og Hordaland fylkesbibliotek.

Påmelding innan 9. oktober, www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs

Pris: kr 250, Kaffi/te og pizza.

Etterpå blir det kanskje poesi på Forfattersleppet?

Sjå program for arrangement frå 14.-21.oktober i Bergen på nettsida www.forfattersentrum.no

Onsdag 4. november **Bibliotekleiar møte: Kommunikasjon & reklame**



Korleis kan biblioteka si viktige samfunnsrolle bli tydeleg i kommunale prosessar, og korleis når ein dei ulike brukar-gruppene?

Møtet blir arrangert i samband med Fylkeskonferansen for kultur og idrett 2009, med tittelen Kultur og idrett som samfunnsutviklar.

Programmet for dagen er ikkje heilt fastsett, men det vil bli ein blanding av foredrag og verkstad der kvar deltakar skal definera ei oppgåva som ho/han ønskjer å arbeida meir med.

Set gjerne av to dagar og bli med på det relevante og spennande programmet andre dagen av konferansen.

Førebels program for dag to finn du på nettsida www.hordaland.no, sjå på sida under "kultur".

Frå medio september finn du endeleg program på nettsida: www.hordaland.no/kulturkonferansen09

Stad: Thon Hotell Bergen Airport (Kokstad).

Arrangørar: Hordaland fylkesbibliotek og Norsk bibliotekforening avd. Hordaland

7.-11. oktober **Litteratursymposiet i Odda**

Litterære bilete. Litteratur og bilete og litteratur som film.

Program og informasjon: www.litteratursymposiet.no

Onsdag 11. november i Bergen / torsdag 12. november på Stord

Kurs for leseombod – formidlarar av historier

I samarbeid med organisasjonen Leser søker bok, arrangerer fylkesbiblioteket kurs på to stadar for leseombod. Leseombod er personar som formidlar tekstar og forteljingar til menneske med funksjonshemmingar, dei som har vanskar med å lesa sjølve. Kurset er også for dei som ønskjer å bli leseombod i framtida.

Undervisinga på kurset er spesielt retta inn mot formidling til målgruppene demente og menneske med utviklingshemming. Innhaldet er det same dei to dagane.

Kursdagen vil vera delt mellom to innleiarar: Bengt-Ole Nordstrøm og Ragna B. Langlo, begge med omfattande erfaring innan dette feltet. Deltakarane vil også få informasjon om bøker som er tilpassa målgruppene.

Stad(ar): Møterom Sunnhordland, 4.etasje fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt 5, Bergen

For kurset på Stord, er stad og lokale ikkje bestemt, men Fitjar er ein aktuell kursstad.

Tid: kl 10-15

Ta kontakt med Helge Skurtveit, tlf 55239372, helge.skurtveit@post.hfk.no for informasjon og påmelding.

Gratis deltaking.

Arrangørar: Leser søker bok og Hordaland fylkesbibliotek

www.lesersokerbok.no



Torsdag 12. & fredag 13. november **Frie og opne bibliotek – ein nullkonferanse om fri programvare i biblioteka**



Målet for konferansen er å hjelpe biblioteka med å finne seg til rette og til å finne smarte løysingar i ei verd med opne kjeldekoder (Open Source). Det blir mogleg for deltakarane å delta aktivt på konferansen, danne grupper og arbeide med emne ein sjølv er interessert i.

Nicole Engard gir ei oppsummering på Open Source i bibliotekverda, eit panel og fleire mini-foredrag oppsummerer konferansen til slutt. I mellomtida blir det høve til å prøve ut ei meir dynamisk utveksling av informasjon, praktisk bruk av programvare og maskinar og gruppearbeid. Målet er at deltakarane skal få med seg ny kunnskap, nye kontaktar med kollegaer og likesinna – og kanskje nye prosjekt å jobbe med framover.

Konferansevert:

Jannicke Røgler IKT-konsulent ved Buskerud fylkesbibliotek.

Foredragshaldar:

Nicole Engard kjem frå USA. Ho arbeider for LibLime, ein bedrift som støtter bibliotek i drift og bruk av det opne katalogsystemet Koha.

Stad: Bergen, VilVite kunnskapssenteret, 2. etage. Sjå: www.vilvite.no

Påmelding: www.hordaland.no/fribibliotek/

Frist: 11. oktober.

Pris: Kr 1500 for konferanse, lunsj begge dagar og middag 12. november

Arrangørar: Hordaland fylkesbibliotek, SIKT (Norsk Bibliotekforenings Spesialgruppe for IKT) og Biblioteklaboratoriet

Tysdag 1. desember **Årets bøker**

Tre forelesarar formidlar dei nye barne- og ungdomsbøkene. Lars Danielsen snakkar om barnebøker, Ola Hegdal om biletbøker og Marit Hallen om ungdomsbøker.

Stad: Bryggens museums auditorium, Dreggsallm. 3, Bergen.


Tid: kl 10-15

Påmelding: www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs

Frist: tysdag 10.november.

Pris: kr 400 for deltaking og lunsj med rundstykke.

Arrangørar: Ibby Noreg - Barnebokforum og Hordaland fylkesbibliotek



Haust 2009 **Vi kartlegg kompetansen i Hordaland**

Eit personale med brei og oppdatert kompetanse er kanskje den viktigaste faktoren for at biblioteka skal utføre samfunnsoppgåver og gje eit godt bibliotektilbod. Biblioteka har dei siste åra gått gjennom eit paradigmeskifte, der digitalisering har skapt fundamentale utfordringar. For bibliotektilsette betyr dette auka krav til digital kompetanse og endra arbeidsmetodar, og det er behov for å fordjupa og fornya kompetansen i biblioteka.

Hordaland fylkesbibliotek vil hausten 2009 gjennomføre ei kartlegging av formell kompetanse og realkompetanse blant alle bibliotektilsette i fylket. Kartlegginga skal danne grunnlag for eit målretta, prioritert og langsiktig utviklingsprogram for alle typer bibliotek i fylket. Med kunnskap om kompetansebehovet, kan fylkesbiblioteket tilby skreddersydd opplæring til alle bibliotektilsette i fylket. For at kompetanseutviklingsprogrammet skal bli aktuelt og målretta, er det viktig at alle bibliotektilsette svarar på spørjeundersøkinga.




For endringar, detaljert program og påmelding sjå:
<http://www.hordaland.no/fylkesbibl/kurs>



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Finn fram til Fylkeshuset



Kultur- og idrettsavdelinga

Fylkesbiblioteket

Hordaland fylkesbibliotek
Pb. 7900, 5020 Bergen
Tlf. 55 23 93 76, Fax 55239379

E-post: fylkesbiblioteket@post.hfk.no
<http://hordaland.no/fylkesbibl>

Fjernlånet
Bergen Offentlige Bibliotek,
Strømg. 6, 5015 Bergen
Tlf. 55 56 80 30, 55 31 72 77
E-post: fjernlan@bergen.folkebibl.no
<http://hordaland.no/fylkesbibl>

Alle bileta er lisensiert med ein Creative Commons-lisens. Kartet er henta frå maps.google.com.
Redaktør: Ragni Serina Zlotos